

Positiv og interessann artikkel om Fitjar Mekaniske Verksted.

26.07.2016



NIKLAS. Skroget er bygt i Uskedalen.

I dag vart det publisert ein svært positiv og interessann artikkel om Fitjar Mekaniske Verksted på sysla.no. Det vert lagt vekt på at dei har godt oppfylte ordrebøker, og at dei til og med byggjer skroga frå første sveis sjølv. Verftet har som kjent, leigt plass på Eidsvik skipsbyggeri her i Uskedalen for å gjennomføra dette.

Det er i samband med overleveringa av den hittil største arbeidsbåten FMV har levert, Niklas, at verftet vert omtala. Båten vart levert til Finnsnes Dykk & Anleggservice i slutten av juni. Skroget til båten vart tidlegare bygt her i Uskedalen og slept til Fitjar for utrustning.

Nettopp det at båtane vert bygd komplett i Noreg vert det lagt vekt på i artikkelen. Verftdiektør Hugo Strand seier i den samanhengen til sysla.no at det er eit valg dei har tatt, og foreløpig har dei fått dette til. I seks år har dei bygd alle nybygga frå botnen av, og verftsanlegget er utvikla i takt med kva dei vil få til for framtida.

Verftsområdet på Fitjar har tre kaiar, fleire hallar og verkstad for malingsarbeid, sveis og utrustning. Likevel var ikkje det nok! Den høge aktiviteten ført til at dei måtte leiga lokale hos tidlegare Eidsvik skipsbyggeri. Skroget til Niklas vart bygt i seksjonar og sett saman i Uskedalen før det vart slept til Fitjar for utrustning og ferdigstilling.

Gledeleg er det også at Hugo Strand kan fortelja om ei velfylt ordrebok hos verftet som har gått i pluss i 8 år på rad. Han reknar også med at det vert pluss i rekneskapet for 2016.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Fitjar Mekaniske Verksted